



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Statsråden

Husbanken
Postboks 1404
8002 BODØ

Dykkar ref

Vår ref
13/210-1

Dato

16 JAN 2013

Tildelingsbrev for 2013

I dette tildelingsbrevet følger Kommunal- og regionaldepartementet opp dei vedtak og føresetnader som Stortinget har gjeve for 2013, jf. Innst. 2 (2012–2013), Innst. 5 S (2012–2013), Innst. 16 S (2012–2013) og Prop. 1 S (2012–2013) *Kommunal- og regionaldepartementet*.

I tildelingsbrevet stiller departementet til disposisjon løyvingar for Husbanken i 2013. Det blir òg gjort greie for kva inntekter Stortinget ventar i budsjetterminen, og kva satsingsområde og mål som skal gjelde for verksemda i 2013.

Husbanken har ansvar for å informere departementet i styringsdialogen eller i anna eigna form om det oppstår vesentlege avvik frå føringane for politikken, i planar som er avtalte med departementet eller i verksemda generelt. Dersom det oppstår avvik skal Husbanken gjere framlegg om korrigerande tiltak. Husbanken skal ta opp eventuelle uklare punkt i tildelingsbrevet med departementet.

Tildelingsbrevet har følgjande disposisjon:

- I Mål og resultat for 2013
- II Andre føringar frå departementet
- III Budsjettildeling og fullmakter for 2013
- IV Styringsdialog og rapportering
- V Relevante dokument

I MÅL OG RESULTAT FOR 2013

Det overordna målet innanfor bustad- og bygningspolitikken er at alle skal bu godt og trygt og at bustader og bygg skal vere av god kvalitet, jf. Prop. 1 S (2012–2013) *Kommunal- og regionaldepartementet*.

Husbanken skal prioritere følgjande satsingsområde i 2013:

- Bistå kommunane i det bustadsosiale arbeidet deira
- Implementering av ny lov om bustøtte
- Styrkje arbeidet med å få fram fleire førebilete- og pilotprosjekt med kvalitetar utover minstekrav i byggt teknisk forskrift
- Sikre god forvaltning av dei økonomiske verkemidla (bustøtte, tilskot og lån)

Systemet med mål- og resultatstyring blir vidareført i 2013. All rapporteringa må, så langt det er mogleg, vere knytt til same periode året før og til utviklinga frå førre rapportering. Ein føresetnad for mål- og resultatstyringa er at rapporteringa til departementet i samband med styringsmøta gjev ei vurdering av graden av mål-opnåing. Vedlegg 1 gjev ei oversikt over styringsparametrane som Husbanken skal rapportere på i kvartalsrapportane og andre rapporteringskrav.

Regjeringa la i juni 2012 fram ei melding til Stortinget om bygningspolitikken, jf. Meld. St. 28 (2011–2012) *Gode bygg for eit betre samfunn*. Meldinga blei handsama i Stortinget i desember 2012. Regjeringa vil leggje fram ei melding til Stortinget om bustadpolitikken tidleg i 2013, og det blir lagt til grunn at ho blir handsama i Stortinget i vår-sesjonen 2013. Departementet vil kome attende med fleire oppgåver i eit tillegg til tildelingsbrevet etter at Stortinget har handsama meldinga. På bakgrunn av måla som er lagt fram i desse meldingane vil departementet i 2013 setje i gang eit arbeid med ny målstruktur og operasjonalisering av måla for bustad- og bygningspolitikken i statsbudsjett og tildelingsbrev. Husbanken vil bli involvert i arbeidet.

Det er i Prop. 1 S (2012–2013) og i dette tildelingsbrevet lagt til grunn dagens hovudmål og arbeidsmål. I dagens målstruktur for bustad- og bygningspolitikken er følgjande mål relevante for Husbanken:

Hovudmål 1: Ein velfungerande bustadmarknad

Hovudmål 1 har to arbeidsmål som begge er relevante for Husbanken:

- 1: God informasjon om og balansert lovregulering av bustadsektoren*
- 2: God finansiering av bustader i heile landet*

Husbanken skal supplere den private kredittmarknaden og bidra til at det blir bygd bustader med berekraftige kvalitetar. Gjennom grunnlånet skal Husbanken tilby finansiering i heile landet.

Husbanken skal fortsetje arbeidet med å betre statistikkgrunnlaget på bustadmarknaden og spreie informasjon og kunnskap til relevante aktørar. Husbanken skal i samarbeid med departementet vurdere korleis ny statistikk på bustadområdet kan utnyttast best mogleg, til dømes bustadopplysningar frå EU-silc-data.

Husbanken skal delta i arbeidet med å utvikle rapporteringa om kommunale bustader i KOSTRA, og arbeide med å framskaffe betre styringsdata gjennom kommunesatsinga, andre velferdsaktørar og organisasjonar som KS.

Departementet viser til Statistisk sentralbyrå (SSB) si utgreiing om å utvide dagens leigeprisstatistikk. Rapporten frå SSB, med tilrådingar og føringar for vidare arbeid, blei sendt Husbanken i desember 2012. Departementet ber Husbanken samarbeide med SSB om å følgje opp rapporten. Husbanken må setje av økonomiske ressursar for utvidinga av leigeprisstatistikken.

I 2012 etablerte regjeringa ei treårig forsøksordning med tilskot til bustadetablering i distrikta. Husbanken skal vidareføre arbeidet med forsøksordninga i 2013. Sjå elles omtale under kap. 581, post 70.

Hovudmål 2: Auka busetjing av vanskelegstilte på bustadmarknaden

Hovudmål 2 har tre arbeidsmål som alle er relevante for Husbanken:

- 1: Auka førebygging og kamp mot bustadløyse*
- 2: Auka bustadsosial kompetanse i kommunane*
- 3: Auka bustadsosial aktivitet i kommunane*

I arbeidet med å busetje vanskelegstilte, skal Husbanken samarbeide med kommunar, statlege velferdsaktørar og organisasjonar. Samarbeidet skal òg gjelde brukarorganisasjonar og frivillig sektor. Det er sentralt at brukarperspektivet blir ivareteke i arbeidet. Husbanken skal i samarbeid med andre velferdsaktørar synleggjere rolla bustaden har i velferdspolitikken.

Husbanken skal prioritere arbeidet med bustadsosial oppfølging av kommunane. God organisering, internt samarbeid, forankring i politisk og administrativ leiing og planarbeid er sentralt i samarbeidet med kommunane. Eit av måla med samarbeidet er å auke effekten ved bruk av dei statlege verkemidla. I 2013 vil det bli viktig å dokumentere resultat av kommunesatsinga. Husbanken skal bistå departementet med å setje i gang ei evaluering av denne satsinga.

Arbeidet med å hindre at personar mister bustaden sin, og å følgje opp personer utan eigen bustad skal framleis stå sentralt i Husbanken sitt kommuneretta arbeid. Arbeidet skal samordnast med andre aktørar. Tiltak som rettar seg mot ungdom og barnefamiljar, og personar som blir skrivne ut frå institusjon eller lauslatne frå fengsel skal prioriterast. Husbanken skal bidra til at måla for tilbakeføringsgarantien blir realiserte.

Husbanken skal følgje opp det pågåande samarbeidet mellom direktorata om utsett ungdom utanfor utdanning og arbeidsliv. Satsingane på Ny GIV og Ungdom i svevet og utviklinga av ein strategiplan for barn og unges psykiske helse, og andre satsingar må sjåast i samanheng. I samarbeidet mellom direktorata skal òg nyskaping og innovasjon vere eit emne.

Husbanken skal leggje til rette for at det blir etablert fleire tilrettelagte bustader for personar utan eigen bustad og som har problem med rusmiddel og/eller psykiske lidingar.

Husbanken skal i 2013 følge opp arbeidet med kartlegginga av bustadslause.

Departementet viser til Fafo-rapport 2012:48 *Samlokaliserte bustader og store bufelleskap*. Det er viktig at samlokaliserte bustader ikkje får eit institusjonsliknande preg, og at talet på bueiningar som blir lokaliserte saman difor ikkje skal vere for stort. Bueiningane bør også bli plasserte i ordinære bumiljø slik at prinsippa om integrering og normalisering blir følgt opp. Ulike brukargrupper skal ikkje samlokaliserast på ein uheldig måte. Brukarmedverknad er viktig når slike bustader skal planleggjast. Desse føringane må kome tydeleg fram i Husbanken si rettleiing til kommunane og i Husbanken si eiga vurdering av søknader om tilskot.

Med bakgrunn i tilbakemeldingar og erfaringar frå kommunane og FoU-arbeidet, skal Husbanken vurdere verkemidla og foreslå tiltak som kan gje ei betre måloppnåing.

Husbanken skal oppmode kommunar til å nytte verkemidla bustøtte, tilskot og startlån og vurdere modeller for å hjelpe fleire leigarar i kommunale bustader til å etablere seg i eigen eigd bustad. I 2013 skal Husbanken vurdere å vidareutvikle bruksområdet for det digitale verktøyet "Sjef i eige liv" slik at kommunane kan nytte dette overfor andre grupper av vanskelegstilte.

Det er viktig at dei som vurderer søknader om startlån har kompetanse til å gjere ei profesjonell vurdering av lånesøkarane i samsvar med reglane for startlån. Husbanken må understreke dette i sin kontakt med kommunane.

Husbanken skal ha ansvaret for ein ny bustadsosial pris for kommunar eller andre som har gjort ein ekstra stor innsats eller nybrottsarbeid innanfor det bustadsosiale feltet. Departementet skal første gong dele ut prisen i mars 2013 på den årlege bustadsosiale leiarkonferansen.

Husbanken skal analysere tala i KOSTRA når reviderte tal blir offentlege i juni 2013 og presentere vurderingane i 2. kvartalsrapport. Departementet ber i tillegg om at KOSTRA-tala blir vurderte i lys av Husbankens eigen aktivitet i tilsvarende periode.

Husbanken skal hjelpe til med bustadsosial kompetanseoppbygging hos Rettleiings-tenesta for rom i Oslo og informasjonstiltak overfor rom. Husbanken må òg delta i samråd og andre fora mellom rom og norske styresmakter om bustadspørsmål for rom.

Hovudmål 4: Fleire miljøvenlege og universelt utforma bustader og bygg på attraktive stader

Hovudmål 4 har tre arbeidsmål som alle er relevante for Husbanken:

- 1: Auka tal på miljøvenlege bustader og bygg*
- 2: Auka tal på universelt utforma bustader, bygg og uteområde*
- 3: Fleire stader med god byggjeskikk og godt bumiljø*

Husbanken og Direktoratet for byggkvalitet skal halde kvarandre gjensidig orientert og samarbeide etter behov om oppgåver på kvalitetsområda.

Departementet ber om at rehabilitering av eksisterande bustadmasse blir eit prioritert tema i Husbanken sitt arbeid med klima/miljø og universell utforming. Departementet ber Husbanken lage ein plan med forslag til rehabiliteringstiltak. Husbanken skal kome med forslag til utvikling av grunnlånet slik at det kan bli eit målretta og effektivt verkemiddel i dette arbeidet. Departementet ber om at Husbanken i arbeidet også har merksemd på klimatilpassa bustader.

Husbanken skal følgje opp tiltak i Meld. St. 28 (2011–2012) *Gode bygg for eit betre samfunn* på sitt ansvarsområde. Husbanken skal gjennom målretta bruk av grunnlån, tilskot, informasjons- og kompetansespreiing til kommunar og byggjenæring bidra til at det blir bygd fleire førebilete- og pilotprosjekt med kvalitetar som går utover krava i byggteknisk forskrift. Departementet ber om at slike prosjekt blir prioriterte ved tildeling av kompetansetilskot over kap. 581.77.

Departementet ber om at Husbanken styrkjer arbeidet med å innhente, systematisere og spreie kunnskap om førebilete- og pilotprosjekt. Husbanken må samarbeide nært med Direktoratet for byggkvalitet om desse oppgåvene. Siktemålet er å nytte erfaringar frå evalueringar i den vidare utviklinga av regelverket. Eit prioritert tema i 2013 og 2014 er passivhus- og lågenergiløysingar. Frå og med 2013 er alle statlege midlar som blir tildelt Lågenergiprogrammet samla på ein eigen post som Direktoratet for byggkvalitet forvaltar. Husbanken skal fortsetje samarbeidet med Lågenergiprogrammet. Husbanken kan framleis støtte prosjekt under programmet etter konkret søknad.

Husbanken skal vidareføre arbeidet med tiltaka på bustadområdet i regjeringa sin handlingsplan for universell utforming og auka tilgjenge 2009–2013.

Husbanken skal styrkje arbeidet med å stimulere til etterinstallering av heis i fleirbustadhus gjennom økonomiske verkemiddel og informasjon. I denne samanheng skal Husbanken òg gjennomføre ei evaluering av heistilskotordninga.

Husbanken skal arbeide for å betre samordninga mellom eigne ordningar og ordningane i folketrygda med sikte på å gje den einskilde brukar betre og meir varige løysingar for tilpassing av bustad.

Husbanken skal arbeide med å fremje god byggjeskikk og stadutvikling, mellom anna gjennom informasjonstiltak, tilbod til kommunane om kompetanseprogram for arkitektur og byggjeskikk og fremje bruken av Byggjeskikknøkkelen. Husbanken skal fortsetje som sekretariat for juryen til Statens byggjeskikkpris. Arbeidet til den nye juryen skal vidareførast på same nivå som i 2012.

Husbanken skal halde fram sitt arbeid med områdesatsing i Oslo, Bergen og Trondheim. Tilskotet til områdesatsing skal bidra til å betre bumiljø og løyse lokale utfordringar i bustadområde.

Effektiv og brukarorientert forvaltning

I tillegg til oppgåver under hovudmåla for bustad- og bygningspolitikken skal

Husbanken ivareta mål om ei effektiv og brukarorientert forvaltning.

Open, brukarorientert og velfungerande forvaltning av verkemiddel

Husbanken skal syte for at det finst god og oppdatert informasjon til aktuelle brukarar på nettsidene sine.

Departementet ber om at Husbanken regelbunden gjennomfører brukarundersøkingar. Planar om og resultat frå brukarundersøkingar skal rapporterast i den ordinære styringsdialogen.

Husbanken skal utarbeide og er ansvarleg for gode retningslinjer i samsvar med Prop. 1 S (2012–2013), forskrifter og tildelingsbrev.

Effektiv løysing av forvaltnings- og driftsoppgåver

Krava i reglementet for og føresegnene om økonomistyring i staten skal følgjast. Departementet viser spesielt til regelverket om offentlege innkjøp. Departementet legg til grunn at Husbanken har gode rutinar og praksis for offentlege innkjøp. Departementet viser til hovudinstruksen om økonomi- og verksemdsstyring i Husbanken av 22. desember 2011, der føringar om mellom anna økonomistyring, misleghald, intern kontroll og rutinar for forvaltning av lån, bustøtte og tilskot er nærare omtalt.

Alle tilsegn og søknader skal registrerast på ein måte som gjev eit godt bilete av aktiviteten gjennom heile året. Husbanken skal ha status for postane tilgjengelege for departementet og oversende desse kvar månad.

II ANDRE FØRINGAR FRÅ DEPARTEMENTET

Ny lov om bustøtte

Lov om bustøtte blei sett i kraft 1. januar 2013, saman med revidert forskrift om bustøtte og forskrift om klagemennd for Husbanken. Departementet ber Husbanken syte for å gjennomføre dei nye føresegnene på ein god måte. Departementet viser elles til brev frå departementet av 28. juni 2012.

Internasjonalt arbeid

Departementets internasjonale strategi gjer greie for overordna prioritering og ansvarsfordeling mellom departementet og etatane på dei ulike politikkområda. Husbanken skal følgje med på trendar og utvikling i andre land som har relevans for norsk bustadpolitikk. Slik informasjon skal takast inn i rapporteringa for 4. kvartal. Utviklinga i EU og dei nordiske landa står særleg sentralt. Husbanken skal ved behov hjelpe departementet i saker om EU/EØS og ved deltaking knytt til UN-Habitat og ECE.

Forsking og utvikling

For å ivareta sektoransvaret for forskinga på bustad- og bygningsområdet, ynskjer departementet ei heilskapleg samordning av FoU-verksemda. Departementet viser til

den gode dialogen som er oppretta på FoU-området, og vil vidareføre regelbundne møte med Husbanken om FoU i 2013 for å koordinere FoU-verksemnda. Departementet vil i eige brev sende bestilling til Husbanken på forskingsoppdrag som skal utførast i 2013, i tillegg til dei prosjekta Husbanken sjølv initierer. Husbanken skal sende departementet ei kvartalsvis oversikt som omtaler alle FoU-oppdrag som er planlagde eller sette i gang, og alle sentrale forskingsrapportar som blir ferdige skal sendast til departementet. Husbanken skal registrere gjennomførte evalueringar på evalueringsportalen.no.

Kommunikasjon og informasjon

Alle verksemder skal ha ei aktiv haldning til kommunikasjon, både internt og eksternt. Kommunikasjonsarbeidet i Husbanken skal vere basert på ny statleg kommunikasjonspolitikk og gjeldande regelverk som offentleglova og forvaltningslova. Det er viktig at Husbanken fangar signal i samfunnet som rører ved Husbanken si verksemd, og brukar dette i eit aktivt kommunikasjonsarbeid. Departementet ventar at Husbanken gjer resultata som er oppnådde innanfor sitt politikkområde synlege, og at Husbanken tek kontakt med departementet for avklaring om politisk leiing kan vere ein del av synleggjeringa.

Husbanken skal orientere departementet i god tid før offentleggjering av viktige utgreiingar eller rapportar som Husbanken har utført eller bestilt. Etablerte varslingsrutinar mellom Husbanken og departementet må følgjast. Dette gjeld særleg i saker som kan skape stor offentleg merksemd. Husbanken skal ha planar for krisehandtering og krisekommunikasjon, jf. omtale av tryggleik under.

Tryggleik og vernebuing

Husbanken skal gjennomføre risikovurderingar for sitt verksemdsområde og kartleggje sårbarheit knytt til drifta i Husbanken, jf. omtale under kap. IV om styringsdialogen.

Husbanken skal ha etablert eit planverk for å handtere akutte kriser. Planverket skal definere kriseleiing, kriseleiinga sitt ansvar og oppgåver, varslingsrutinar, kontinuitetsplan og system for kriseinformasjon. Planverket og varslingsprosedyrar skal vere kommunisert til dei tilsette. Husbanken skal øve med utgangspunkt i planverket.

Dersom det er relevant skal Husbanken utarbeide rutinar for informasjonsutveksling til berørte aktørar innan samfunnsvernebuinga.

Informasjonstryggleik

Departementet er i gang med å etablere eit styringssystem for IKT-tryggleik (ISMS) basert på ISO 27001/27002. Departementet ynskjer å tilby malverk til underliggjande verksemder når dei er ferdigstilte. Bruk av verktøya kan bidra til ein meir heilskapleg styring av IKT-tryggleiken.

- Verksemdene skal som system- og informasjonseigarar ha eit dokumentert styringssystem for informasjonstryggleik.

- IKT-system og informasjon skal klassifiserast og risikovurderast for å sikre omsynet til konfidensialitet, integritet og tilgjenge.
- Nye IKT-system/-løysingar skal, før dei blir sette i drift, testast for sårbarheit og ivaretaking av omsynet til konfidensialitet, integritet og tilgjenge.
- Det blir anbefalt at tryggleiksarbeidet følgjer anerkjente standardar, som ISO 27001/27002.
- Hendingar som truer eller kompromitterer IKT-tryggleiken skal rapporterast.

Styring av informasjonstryggleik vil framleis bli eit tema i styringsdialogen.

Miljørapportering

Handlingsplanen for miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp inneheld ein eigen miljøpolitikk for statlege innkjøp. Her blir det stilt konkrete krav til innkjøp av prioriterte produktgrupper, og forankring i leiinga i form av eit system for miljøleiing.

Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) har utvikla ei felles, enkel rapporteringsløysing for alle statlege verksemder: MiljøRapp. MiljøRapp er eit skjema i Altinn som blir fylt ut av dei underliggjande einingane i verksemda (f.eks. hovudkontor og regionkontor) ein gong i året. Einingane fyller inn tal og informasjon om følgjande rapporteringsindikatorar:

- status på system for miljøleiing
- energibruk
- transport
- avfallsrutinar
- miljøhensyn i innkjøp

Departementet ber om at Husbanken tek i bruk MiljøRapp f.o.m. 2013. Det inneber at Husbanken skal leggje inn rapporteringa for 2012 i Altinn innan 1. juni 2013.

Likestilling og mangfald

Likestillingslova § 1a, diskrimineringslova § 3a, diskriminerings- og tilgjengelova § 3 og arbeidsmiljølova kap. 13 inneheld krav til offentlege styresmakter og offentlege verksemder om å gjere greie for likestilling og mangfald i verksemdene. Dette skal innarbeidast i den einskilde verksemda sin årsrapport. Departementet viser til vedlegg 3 om krav til rapporteringa i årsrapporten for 2012. Tabellane som Husbanken skal bruke i rapporteringa er henta frå rettleiaren *Statlige virksomheters likestillingsredegjørelser etter aktivitets- og rapporteringsplikten*. Rettleiaren finst på nettsidene til Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet.

Aktivitetsplikta i lovene nemnde over oppmoder offentlig styresmakt om å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling og mangfald på alle samfunnsområde. Departementet ber Husbanken rapportere på korleis tiltak på relevante felt verkar for og blir fordelte mellom kvinner og menn der det er føremålstenleg. Dette vil eventuelt bli innarbeidd i Prop. 1 S. Husbanken skal rapportere til departementet innan 29. april 2013.

Etiske retningslinjer

Departementet viser til etiske retningslinjer for statsforvaltninga som er fastsette og sendte ut til alle statlege verksemder saman med PM 16/2005. Retningslinjene finst på Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet sine nettsider. Husbanken må ha fokus på det etiske medvitte blant dei tilsette. Leiinga i Husbanken har ei viktig rolle i dette, både som initiativtakar og oppfølgjar.

Rapportering i samhøve med mållova

Departementet viser til § 8 i mållova i offentlig teneste og § 6 i forskriftene til lova med krav om minimum 25 pst. bruk av den minst nytta målforma. Departementet ber Husbanken om å rapportere på dette i årsrapporten.

III BUDSJETTILDELING OG FULLMAKTER FOR 2013

Departementet viser til Innst. 2 S (2012–2013), Innst. 5 S (2012–2013), Innst. 16 S (2012–2013) og Prop. 1 S (2012–2013) *Kommunal- og regionaldepartementet*, og til forskrifter og retningslinjer for bustøtta og låne- og tilskotsordningane som Husbanken forvaltar. Tildelingskriterium, retningslinjer osv. er som hovudregel ikkje nærare omtalt i dette tildelingsbrevet.

Departementet viser til at det på nokre budsjettpostar har vore store overføringar dei seinaste åra. Husbanken skal sørge for at det ikkje blir store overføringar til neste budsjettår.

Følgjande utgifter og inntekter blir stilte til disposisjon for Husbanken i 2013:

Utgifter		
<i>Kap.</i>	<i>Post</i>	<i>Sum i 1 000 kr</i>
580	Bustøtte	
	70 Bustøtte, <i>overslagsløyving</i>	2 970 000
581	Bustad- og bumiljøtiltak	
	61 Husleigetilskot	2 500
	70 Bustadetablering i distrikta	20 600
	74 Tilskot til bustad-, by- og områdeutvikling, <i>kan overførast</i>	29 400
	75 Tilskot til etablering i eigen bustad	354 300
	76 Tilskot til utleigebustader, <i>kan overførast</i>	433 800
	77 Kompetansetilskot til berekraftig bustad- og byggkvalitet, <i>kan overførast</i>	23 800
	78 Bustadsosialt kompetansetilskot, <i>kan overførast</i>	70 700
	79 Tilskot til tilpassing av bustad	172 500
582	Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg og kyrkjebygg	
	60 Rentekompensasjon – skule- og symjeanlegg, <i>kan overførast</i>	439 700
	61 Rentekompensasjon – kyrkjebygg, <i>kan overførast</i>	49 200
586	Tilskot til omsorgsbustader og sjukeheimplassar	
	63 Tilskot til kompensasjon for utgifter til renter og avdrag	1 013 900
	64 Investeringsstilskot, <i>kan overførast</i>	847 800

<i>Kap.</i>	<i>Post</i>	<i>Sum i 1 000 kr</i>
2412	Husbanken	
	1 Driftsutgifter	330 500
	21 Spesielle driftsutgifter	12 800
	45 Større utstyrskjøp og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	23 200
	71 Tap på utlånsverksemd	21 000
	72 Rentestønad	13 000
	90 Lån frå Husbanken, <i>overslagsløyving</i>	19 543 000

Inntekter

<i>Kap.</i>	<i>Post</i>	<i>Sum i 1 000 kr</i>
5312	Husbanken	
	1 Gebyr m.m.	13 000
	11 Tilfeldige inntekter	8 000
	90 Avdrag	9 999 000
5615	Husbanken	
	80 Renter	3 601 000

Meirinntektsfullmakt

Husbanken kan i 2013 overskride løyvinga på kap. 2412, post 1 Driftsutgifter mot ei tilsvarende meirinntekt på kap. 5312, post 1 Gebyr m.m., jf. romartalsvedtak VI i Innst. 16 S (2012–2013).

Departementet viser til vedlegg 4 om budsjettfullmakter.

Oversikt over løyving, tilsegnfullmakter og tilsegnsrammer for 2013

Tabellen under gjev ei oversikt over løyving, tilsegnfullmakt og tilsegnsramme for dei ulike tilskotsordningane som blir budsjettert på denne måten, jf. romartalsvedtak VII for tilsegnfullmakter i Innst. 16 S (2012–2013).

		<i>(i mill. kr)</i>			
<i>Kap.</i>	<i>Post</i>	<i>Løyving</i>	<i>Tilsegnfullmakt</i>	<i>Tilsegnsramme</i>	
581	74	Tilskot til bustad-, by- og områdeutvikling	29,4	19,60	49,0
581	76	Tilskot til utleigebustader	433,8	366,10	488,6
581	77	Kompetansetilskot til berekraftig bustad- og byggkvalitet	23,8	25,30	16,6
581	78	Bustadsosialt kompetansetilskot	70,7	98,40	79,5
586	64	Investeringsstilskot	847,8	2 671,05	1 715,0

Kap. 580 Bustøtte

Post 70 Bustøtte, overslagsløyving

Stortinget har vedteke ei løyving på 2 970 mill. kr til bustøtte i 2013.

Frå 1. juli 2013 vil nokre satsar i bustøtta bli justerte. Innslagspunkta for progressiv opptrapping av eigendelen blir oppjustert i takt med veksten i minstepensjonen. Det nye

innslagspunktet blir kr 201 000 for unge uføre og kr 161 000 for andre mottakarar. Tillegget til buutgiftstaket for dei som kan dokumentere auka buutgifter som følgje av nedsett funksjonsevne blir auka med kr 1 500 til kr 4 500 i året. Minste eigendel blir heva med kr 1 100 til kr 18 900 i året for alle.

Hovudregelen i dag er at data frå siste tilgjengelege likning blir nytta ved utrekning av bustøtte. Faktisk inntekt i perioden det blir søkt bustøtte for kan i staden bli lagt til grunn for utrekninga når den omrekna inntekta til husstanden er redusert med meir enn 10 pst. (Den omrekna inntekta er inntekta pluss tillegg for formue korrigert for talet på personar i husstanden (personvekt)). Frå 2013 skal skattbar inntekt òg bli nytta som omgrep for inntekta ved redusert inntekt, som elles ved utrekning av bustøtte. Tidlegare blei då omgrepet disponibel inntekt nytta.

Frå 2013 må dei som søker om bustøtte gje eit overslag for faktisk inntekt og formue i det året der perioden dei søker bustøtte for inngår. Bustøtte skal ikkje bli utbetalt når overslaget for faktisk omrekna inntekt er kr 50 000 over øvre inntektsgrense for å få bustøtte. Grensa svarar til inntekter på kr 240 000–290 000 for dei som bur aleine. Grensene er høgare for større husstandar.

Ny lov og forskrift om bustøtte trer i kraft 1. januar 2013. Som følgje av ei føresegn i den nye lova, vil inntekta og formuen til dei som fekk bustøtte frå 2012 bli systematisk etterkontrollert. Grensa for kor høg faktisk omrekna inntekt kan ha vore før bustøtta må betalast tilbake er kr 100 000 over øvre inntektsgrense for å få bustøtte. Det svarar til årlege inntekter på kr 290 000–340 000 for dei som bur aleine. Grensene er høgare for større husstandar. Det skal berre fremjast krav på beløp over kr 10 000 for same kalenderår.

Departementet ber om at Husbanken aukar aktiviteten på arbeidet med å førebyggje og avdekkje moglege misleghald av bustøtta. Husbanken skal rapportere på dette arbeidet i 2. og 4. kvartalsrapport.

Sjå omtale under kap. 2412, post 45 for styrking av systemet for handsaming av bustøtte.

Kap. 581 Bustad- og bumiljøtiltak

Post 61 Husleigetilskot

Stortinget har vedteke ei løyving på 2,5 mill. kr i 2013. Løyvinga skal dekkje statens del av utgiftene til husleigetilskotet i Oslo kommune, det vil seie halvparten av utgiftene.

Husbanken skal vidaretildele midlane til Oslo kommune. Kommunen skal framleis administrere tildelinga av tilskotet og rapportere til Husbanken om bruk av midlane. Husbanken skal vidareformidle rapporteringa frå kommunen i kvartalsrapportane og i dei ordinære budsjettprosessane.

Post 70 Bustadetablering i distrikta

Stortinget har vedteke ei løyving på 20,6 mill. kr i 2013. Tilskotet skal gå til dei tolv kommunane som deltek i den treårige forsøksordninga *Bustadetablering i distrikta*. Kommunane skal rapportere til Husbanken om bruken av tildelte midlar. Husbanken skal foreta ein etterkontroll for å sikre at midlane er brukt i tråd med tildelingskriteria.

Post 74 Tilskot til bustad-, by- og områdeutvikling, kan overførast

Posten blir frå og med 2013 budsjettert etter systemet med tilsegnsramme, -fullmakt og løyving. Tilsegnsramma for 2013 er på 49 mill. kr. Ramma skal fordelast med 40 mill. kr til satsinga i Groruddalen i Oslo, 6,5 mill. kr til styrking av innsatsen i område med dårlige levekår i Bergen kommune og 2,5 mill. kr til styrking av innsatsen i område med dårlege levekår i Trondheim kommune. Stortinget har vedteke ei løyving på 29,4 mill. kr til å dekkje tilsegn som kjem til utbetaling i 2013. Tilsegnfullmakta er på 19,6 mill. kr.

Departementet viser til at det dei siste åra har vore altfor store overføringar på denne posten. Det nye budsjetteringssystemet på posten vil bidra til å redusere overføringane. Departementet ber Husbanken om å følgje opp tidlegare gjevne tilsegn slik at overføringane blir reduserte.

Departementet arbeider med å utforme forskrift for tilskotsordninga. Utkastet blei sendt på høyring 19. desember 2012, og departementet vil ettersende forskrifta når ho er ferdig.

Tilskot til etablering og tilpassing av bustad

Stortinget har vedteke å dele tilskotet til etablering og tilpassing av bustad i to budsjett-postar frå 1. januar 2013:

- Tilskot til etablering i eigen bustad (kap. 581, post 75)
- Tilskot til tilpassing av bustad (kap. 581, post 79)

Kriteria for tildeling av tilskot er dei same som før delinga. Delinga inneber at kommunane ikkje lenger kan overføre tilskotsmidlar mellom føremåla etablering og tilpassing. Dette må presiserast overfor kommunane ved vidaretildeling av midlane. Departementet arbeider med å utforme nye forskrifter for kvar tilskotspost. Departementet vil ettersende forskriftene når dei er ferdige.

Post 75 Tilskot til etablering i eigen bustad (nytt namn på posten)

Tilskotet er ei direkte vidareføring av tilskot til etablering som tidlegare var under same post med namnet Tilskot til etablering og tilpassing av bustad.

Stortinget har vedteke ei løyving på 354,3 mill. kr i 2013.

Husbanken skal berre unntaksvis og etter ei grundig vurdering av låneporteføljen i kommunen gje samtykke til at kommunane kan setje av midlar til tapsfond til startlån i 2013.

Post 76 Tilskot til utleigebustader, kan overførast

Tilsegnsramma for 2013 er på 488,6 mill. kr. Til å dekkje tilsegn gjevne i 2010–2012, og tilsegn som blir gjevne i 2013 som kjem til utbetaling i 2013, har Stortinget vedteke ei løyving på 433,8 mill. kr. Tilsegnfullmakta er på 366,1 mill. kr.

Tilskotet skal bidra til netto tilvekst av utleigebustader på nasjonalt nivå, men det er samtidig viktig at dei lokale forholda blir vurderte når det gjeld forholdet mellom nye bustader og oppgradering av eksisterande bustader. Husbanken skal gje kommunane føringar for kva som er gode utleigebustader. Husbanken skal bidra til god busetjing av flyktningar. Det er vidare behov for fleire bustader til personar med rusavhengigheit og psykiske lidingar.

Post 77 Kompetansetilskot til berekraftig bustad- og byggkvalitet, kan overførast

Tilsegnsramma for 2013 er på 16,6 mill. kr. Til å dekkje tidlegare gjevne tilsegn og tilsagn som blir gjevne og kjem til utbetaling i 2013, har Stortinget vedteke ei løyving på 23,8 mill. kr. Tilsegnfullmakta er på 25,3 mill. kr.

Husbanken skal vidareføre støtta til FutureBuilt og til prosjektdatabasen NAL|Ecobox som Norske arkitekters landsforening er ansvarleg for. Støtta til Næringslivets stiftelse for miljødeklarasjoner skal trappast opp. Inntil 5 mill. kr kan nyttast til prosjekt innanfor samarbeidsprogrammet Framtidas byer. Husbanken skal vidareføre støtta til tidsskriftet Plan.

Post 78 Bustadsosialt kompetansetilskot, kan overførast

Tilsegnsramma for 2013 er på 79,5 mill. kr. Til å dekkje tidlegare gjevne tilsegn og tilsagn som blir gjevne og kjem til utbetaling i 2013, har Stortinget vedteke ei løyving på 70,7 mill. kr. Tilsegnfullmakta er på 98,4 mill. kr.

Kompetansetilskotet blir først og fremst retta mot bustadsosialt arbeid i kommunane. Det gjeld kunnskapsutvikling, bustadsosial planlegging og formidling av kunnskap og eksempel. Leigetakarorganisasjonar skal ha moglegheit til å søkje om både driftsstøtte og prosjektstøtte, mellom anna for å etablere eit landsdekkjande tilbod for leigetakarar. Søkjarane må sannsynleggjere god måloppnåing i sine søknader.

Post 79 Tilskot til tilpassing av bustad (ny post)

Etter delinga av post 75 Tilskot til etablering og tilpassing av bustad, skal tilskotet gå til alle føremål som var under tidligare post 75, med unntak av tilskot til etablering i eigen bustad og tilskot til avsetjing i tapsfond. Det vil seie at tilskotet frå 2013 går til:

- tilpassing av bustader for eldre og personar med nedsett funksjonsevne
- utredning og prosjektering av bustader som skal dekkje spesielle bustadbehov
- tilstandsvurdering av burettslag, sameiger og liknande
- prosjektering av og investering i heis i eksisterande bustadbygg
- drift av krisebustader for personar som blir trua med tvangsekteskap

Husbanken skal vidaretildele tilskotsmidlar til tilpassing av bustader til kommunane, slik at kommunane kan formidle tilskot til søkerane. Dei andre tilskota skal Husbanken gje direkte til mottakar.

Tilskotet er styrkt. Stortinget har vedteke ei løyving på 172,5 mill. kr i 2013. Departementet viser til at 17,5 mill. kr av løyvinga er ein auke som følge av at særfrådraget for store sjukdomsutgifter skal fasast ut, jf. omtale i Prop. 1 LS (2012–2013) *Skatter, avgifter og toll*. Denne delen av auken kan difor bare gå til tilpassing. Informasjon og synleggjering av styrkinga på tilskotet er viktig for at brukarane og kommunane skal kunne gjere best mogleg nytte av ordninga.

Kap. 582 Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg og kyrkjebygg

Post 60 Rentekompensasjon – skule- og symjeanlegg, kan overførast

Husbanken kan gje tilsegn i tråd med romartalsvedtak VIII i Innst. 16 S (2012–2013) på inntil 1 mrd. kr i 2013. Stortinget har vedteke ei løyving på 439,7 mill. kr i 2013 som skal gå til kompensasjon for renteutgifter knytte til investeringar innanfor rammene det er gjeve tilsegn om i perioden 2002–2013.

Post 61 Rentekompensasjon – kyrkjebygg, kan overførast

Stortinget har vedteke ei løyving på 49,2 mill. kr i 2013 som skal gå til kompensasjon for renteutgifter knytte til investeringar innanfor rammene det er gjeve tilsegn om i perioden 2005–2012.

Kap. 586 Tilskot til omsorgsbustader og sjukeheims plassar

Post 63 Tilskot til kompensasjon for utgifter til renter og avdrag

Stortinget har vedteke ei løyving på 1 013,9 mill. kr i 2013. Løyvinga skal gå til å dekkje utgifter til renter og avdrag på lån til alle som fekk oppstartingstilskot (tidl. post 60).

Post 64 Investeringstilskot, kan overførast

Tilsegnssramma for 2013 er på 1 715 mill. kr til 1750 omsorgsbustader og sjukeheims plassar. Til å dekkje tidlegare gjevne tilsegn, og tilsegn som blir gjevne i 2013 som kjem til utbetaling i 2013, har Stortinget vedteke ei løyving på 847,8 mill. kr. Tilsegnssfullmakta er på 2 671,05 mill. kr. Dei maksimale tilskotssatsane blir auka til kr 840 000 for omsorgsbustader og til kr 1 120 000 for sjukeheims plassar, innanfor ein maksimal anleggskostnad på 2,8 mill. kr.

Det blir lagt til grunn at omsorgsplassar som får innvilga investeringstilskot er universelt utforma og tilrettelagte for menneske med demens og kognitiv svikt. Slik utforming og tilrettelegging skal skje i tråd med Demensplan 2015 og i tråd med føremålet for ansvarsreforma for menneske med utviklingshemming.

Husbanken skal prioritere å delta i styringsgruppa som er etablert mellom dei ulike departementa og etatane for å følge arbeidet med gjennomføring av Omsorgsplan 2015. Kommunal- og regionaldepartementet vil i tillegg kalle inn Husbanken og Helse- og

omsorgsdepartementet til felles kontaktmøte i 2013.

Departementet viser til at fylkesmannen frå og med 2011 ikkje lenger prioriterer kva kommunar som skal få tilskot. Departementet vil understreke at det likevel er viktig at fylkesmannen blir involvert tidleg i søknadshandsaminga.

Kap. 2412 Husbanken

Post 1 Driftsutgifter

Stortinget har vedteke ei løyving på 330,5 mill. kr i 2013. Løyvinga er lågare enn framlegget i Prop. 1 S (2012–2013). Det kjem av at Stortinget i budsjetthandsaminga har kutta nokre løyvingar for å auke løyvingane på andre område, jf. omtale på side 19 i Innst. 2 S (2012–2013).

Husbanken skal ha ein effektiv og desentralisert administrasjon. Ressursbruken på administrasjonsbudsjettet skal i størst mogleg grad reflektere prioriteringane i tildelingsbrevet.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Stortinget har vedteke ei løyving på 12,8 mill. kr i 2013. Løyvinga skal mellom anna gå til å starte eit utviklingsarbeid for å få betre statistikk og utvikle indikatorar for ulike kvalitetar i bygg, jf. Meld. St. 28 (2011–2012) *Gode bygg for eit betre samfunn*.

Posten har ikkje stikkordet "kan overførast". Det inneber at berre inntil fem prosent av løyvinga kan overførast til neste budsjettår. Det krev god planlegging og tidleg igangsetjing av prosjekt, slik at løyvinga kan bli utbetalt i 2013. Departementet viser elles til omtale av forskning og utvikling under kap. II.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Stortinget har vedteke ei løyving på 23,2 mill. kr i 2013. Posten er styrkt med 6,5 mill. kr for å dekkje kostnader ved systemutvikling som følgje av nye reglar for å førebyggje urettvise utbetalningar av bustøtte til søkjarar med høge inntekter eller formuar og nye reglar for systematisk etterkontroll av inntekta og formuen til dei som får bustøtte. Sjå nærare omtale under kap. 580.70 Bustøtte. Husbanken skal også gjennom SIKT arbeide vidare med IKT-utvikling som kan støtte måloppnåinga.

Utlånsverksemda i Husbanken

Husbanken er gjeve ei låneramme på 20 mrd. kr i 2013, jf. romartalsvedtak III i Innst. 5 S (2012–2013). Departementet viser til at det har vore høg aktivitet på utlånsverksemda dei siste åra. Husbanken må ha ei god rammestyring slik at låneramma blir fordelt utover heile året. Dersom det blir avvik frå planane, må Husbanken varsle departementet umiddelbart.

Husbanken skal supplere kredittmarknaden og gje lån til føremål som er samfunnsøkonomisk og fordelingspolitisk ynskjelege. Det samla utlånet frå Husbanken har auka

dei siste åra. Departementet ber Husbanken om å ha auka merksemd på og setje i gang naudsynte tiltak for å følgje opp kredittrisiko og tap, både per lån og for den samla utlånsporteføljen. Husbanken skal ha ein god praksis for låneforvaltninga med mål om låg kredittrisiko i utlånsverksemda. Departementet ber om at Husbanken leverer ein analyse av låneverksemda, inkludert ei vurdering av kredittrisikoen, til kvart styringsmøte i 2013 (i kvartalsrapporten).

Husbanken skal vurdere barnehagedekninga og gjere ei grundig vurdering før det blir gjeve lån til private aktørar, spesielt i kommunar med full barnehagedekning.

